



Henning Laugerud

Reformasjon uten folk: Det katolske Norge i før- og etterreformatorisk tid

St. Olav forlag, 2018

Sigrun Høgetveit Berg

Førsteamanuensis, institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

sigrun.hogetveit.berg@uit.no

Henning Laugerud si reformasjonshistorie om det katolske Noreg før og etter reformasjonen er eit imponerende og innhaldsrikt verk – nybrotsarbeid frå forskaren, gjennomillustrert frå kunsthistorikaren og lesverdig frå formidlaren. Det er den første boka med eit grunnleggjande kulturhistorisk blick på dei omveltande endringane i Noreg gjennom reformasjonen. Laugerud tek på seg å forstå og formidle kva folket i Noreg eigentleg syntest om dette, noko som er ei utfordrande oppgåve, særleg når forfattaren så openlyst heiar på kato-lisismen. Utfordringa ved *det* skal eg koma attende til. Men det viktigaste først: Dette er ei velkomen bok. Det er på høg tid nokon går fleirfagleg til verks inn i det vanskelege spørsmålet om korleis kulturelle og religiøse endringar i reformasjonen vart opplevde og mottekne av folk flest. Laugerud understrekar og dokumenterer kor totalt uførebudd – og uvelkomen – reformasjonen var i Noreg. Danskekongen Christian III bestemte i 1536 at han skulle vera den lutherske sjefen over både stat og kyrkje, og i same slengen at Noreg skulle gå frå å vera ein sjølvstendig unionspartner til å bli underlagt «Danmarks rige til evig tid». Erkebiskop Olav Engelbrektsson prøvde å kjempe imot, men måtte gje tapt både Noreg og den katolske kyrkja i 1537. Denne framstillinga av det kupp-aktige ved reformasjonsinnføringa har mange gjort før Laugerud. Men han gjev seg også i kast med den langstrekke gjennomføringa av det protestantiske programmet til kongemakta – som ifølgje Laugerud møtte stor folkeleg motstand på mange plan. Ein motstand som gjennom hundreåra har vore underkommuni-sert og direkte tagd ihel i både kjelder og historieskriving, men som han meiner det likevel er mogeleg å teikne eit bilete av. Og han synsar ikkje berre i veg i generelle vendingar – som mange av oss historikarar har gjort, medan me orsakar oss med at det er så lite kjelder til slike spørsmål om tvil og tru.

For det beste med boka er at Laugerud har funne fram til og brukar så mange ulike type kjelder – særleg materiale om enkeltpersonar og enkelthendingar kombinert med samtidas litteratur og sett inn i ein større samanheng. Dei katolske spora i hundreåra etter reforma-sjonsinnføringa er ikkje så få og sporadiske som dei ofte er vorte framstilte som, og dei heng

i hop: Det gjeld materielle og immaterielle glimt av praksisar og uttrykk som heldt fram, kopla med nye impulsar frå det katolske Europa – via universitet, handelsnettverk og militære. Vidare er det litteratur og brev mellom familiar, kjenningar og forretningskontaktar. Det er også vedtak og utnemningar som syner misjonsambisjonar frå den katolske kyrkja. Dessutan er det rettsdokument og korrespondanse som syner kongemaktas respons. Med alt dette sett saman fører Laugerud fram ein overtydande argumentasjon om – i alle fall ein del lommer av – levande katolske nettverk i Noreg til godt utpå 1600-talet.

Laugerud turnerer eit stort register av relevant litteratur frå fleire disiplinær. Boka er difor ein svært rik og nyttig katalog, med både primærkjelder og sekundærlitteratur, for dei som ynskjer å arbeide med overgangen frå mellomalder til tidleg nytid. Og det trengst, for her er arbeid som skal gjerast. Historieskriving formar ikkje berre oppfatninga vår av fortida; ho formar sjølve fortida på nytt og på nytt. Laugerud legg noko av skulda for våre negative oppfatningar av og mangel på kunnskap om det katolske på historieskrivarane. Og det gjer han sjølv sagt rett i. Men dette har, i motsetning til kva Laugerud påstår, ganske mange etter kvart påpeikt og skrive om. Det kan verke som om Laugerud stoppa å lesa i god tid før denne boka kom ut, for mykje av forskinga og den litteraturen som kom i samband med 500-årsmarkeringa av reformasjonen i 2017, tek opp nettopp dette. I 2017 og 2018 har det florerert med reformasjonspublikasjonar som både ser reformasjonen i nytt lys frå fleire fag og vinklar, og forskarar som kritisk reflekterer over eigen fagtradisjon.

Laugerud skriv sjølv klokt og utfordrande om religionsinnhaldet og kulturomgrepet i den nye lutherske staten. Katolske religiøse praksisar vart ikkje berre utdefinerte; dei vart også redefinerte til å vera overtru, og derifrå var vegen kort til trolldomsstempel. Laugerud drøftar korleis styresmaktene gjennom 15-, 16- og 1700-talet også greidde å omdefinere det som i den katolske seinmellomalderen var felles kulturelle uttrykk, til å bli «berre» folkekultur og folkeleg religion. Og såleis vart det noko anna – og lågare – enn elitens høgverdige kultur og religionsforståing. Difor måtte det «analfabete, norske folket» oppdragast, styrast og rettleiast av ein «utdanna, dansk elite».

Mange av desse folkekulturelle uttrykka var likevel veldig sterke. Me kjenner dei jo att i dag; mellomalderballadane som vart sunge frå munn til munn, heilt til intellektuelt og kulturelt oppvakte nasjonsbyggjarar på 1800-talet skjønte verdien av kva som rørde seg i norske avkrokar og skreiv det ned. Balladane – saman med festdagar for kyrkjer og helgenar, lovekyrkjer og valfart til heilage kjelder, stader og gjenstandar var levande praksisar mange stader, og dei er for Laugerud prøvet på at katolisismen levde vidare hjå folk flest. Han meiner «[k]ontinuiteten er åpenbar, og i mange sammenhenger var den også et uttrykk for aktiv katolsk motstand» (s. 283), og at «...katolisismen fremdeles stod sterkt utover landet på 1600-tallet, og at folkekulturen i stor grad var katolsksinnet.» (s. 289). I dei avsluttande kapitla oppsummerer Laugerud at det lutherske landet framleis hadde ein katolsk folkekultur, der det eigentlege folket difor var katolske. «Den lutherske protestantisme var en kristendom tilhørende en ny og liten, hovedsakelig dansk, embedsmannselite.» (s. 327). Det er med slike formuleringar at boka er fascinerande nær katolsk propaganda.

Sjølv om den norske folkekulturen og folkereligiøsiteten gjennom heile den tidlegmoderne tida hadde trekk av og røter attende til den katolske kulturen i seinmellomalderen, var det jo ikkje nødvendigvis katolsk kultur? Er det ikkje like klokt å forstå det som at det vart noko anna undervegs? At den religiøse identiteten vart omdanna i ei ny religionsramme, der ein kan tenkje seg at trusførestillingar la seg oppå kvarandre, lag for lag. Laugerud skriv sjølv at religiøs identitet utviklar seg over tid (s. 246), og i «tillegg oppfattet befolkningen seg lenge som katolsk eller *i hvert fall som noe annet enn den nye statsreligion.*» (s. 308 – mi utheving.) Så kvifor då tvihalde på at det var katolske folk var? Kanskje har eg lese Laugerud som, ja,

nettopp fanden les Bibelen. Men denne insisteringa på at det var katolsk det som heldt fram, kopla med ei gjennomgåande temmeleg unyansert framstilling av katolske heltar og protestantiske skurkar, gjer at eg ikkje heilt følgjer han, same kor fornuftig eg tykkjer han skriv om folkekultur og elite. Laugeruds prosjekt – å utvide vår kulturhistorie ved å syne kva me var og kva som gjekk tapt i reformasjonen og hundreåra etterpå – hadde ikkje vorte noko mindre tydeleg om han hadde dempa den anti-protestantiske retorikken.

Til sist: Heller ikkje Henning Laugerud har nærma seg den spennande samiske reformasjonshistoria. Om det er ein stad i Noreg ein verkeleg får bretta ut den samansette religiøse kulturen etter reformasjonen, og stille det interessante spørsmålet om korleis og kor lenge katolske praksisar heldt seg, så er det på Nordkalotten: samisk religion, katolisisme og protestantisme, med ein dæsj av mogeleg russisk-ortodoks påverknad, utsett for vekslande misjonsiver frå norske, svenske og dansk-norske styresmakter gjennom fleire hundre år. Også på dette området har det etterkvart kome mykje forskning. Men her er Laugerud i altfor godt nasjonalt selskap – samisk historie er for mange framleis noko som er på sida av den norske, og perspektiva blir utelatne i framstillingar om Noreg.

Og heilt til sist: Kor vart det av kvinnene? Med ei bok på 330 sider om dei kulturelle endringane i reformasjonen, er det skuffande å berre finne eitt uttalt kjønnsperspektiv i eit halvt avsnitt på side 324, der Laugerud drøftar Pontoppidans «kjerringsnakk».